



TT-brukarar

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 23/54206 - 23/19635	Vår saksbehandlar: Sturla Hess Brunvær -	Dato: 16.11.2023
-------------	--------------	---------------------------------	---	---------------------

Informasjon om nye retningslinjer for TT-ordninga i Møre og Romsdal

Fylkestinget vedtok i sak T 0046-23 mellom anna nye retningslinjer gjeldande frå og med 1. januar 2025 og at TT-budsjettet frå og med 2024 vert redusert frå 15 millionar kroner til 10 millionar kroner. Som ein konsekvens av vedtaket må talet på brukarar i ordninga reduserast.

Vedtaket inneheld mange detaljar og fylkeskommunen vel difor på dette tidspunktet å avgrense den utsende informasjonen noko, for heller å sende ut meir informasjon i løpet av 2024.

Ver merksam på følgjande i 2024

- Det vert innført eigenandel på 40 kroner per reise frå 1. januar 2024
- TT-kortet kan ikkje brukast til å dekkje eigenandelen
- Brukarar som per dags dato i år ikkje har nytta TT-midlane vert teken ut av TT-ordninga
- Frå og med dags dato vert ingen nye brukarar teken inn i TT-ordninga
- TT-brukarane må innan 1. oktober 2024 søkje om TT-midlar for 2025 etter dei nye retningslinene
- Det vert oppretta venteliste for søkjarar som fyller kriterieriene og ikkje får tilbod om reisestøtte

Spørsmål knytt til innhaldet i dette brevet rettast til brukar sin bustadkommune.

Vedtak T 0046-23 følger vedlagt.

Med helsing

Jesper Wiig
seksjonsleiar FRAM drift

Sturla Hess Brunvær
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Rogaland Taxi As

Vedlegg:
Fylkestingets vedtak i sak T 0046-23, den 19.6.2023

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 19.06.2023

1. Fylkestinget vedtek at det frå og med 1. januar 2024 vert innført 40 kroner i eigenandel for kvar tur. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet.
2. Fylkestinget vedtek at TT-brukarar som ikkje har nytta TT-midlar i 2022, vert tekne ut av TT-ordninga frå og med 1. januar 2024. Dei dette gjeld kan søkja på nytt om TT-midlar på vanleg måte. Det vert oppretta ventelister for dei som søker og ikkje får eit tilbod om reisestøtte.
3. Fylkestinget vedtek nye retningslinjer for den fylkeskommunale TT-ordninga med eit reisestøttebeløp på kr 3 500 for personar som bur meir enn 10 km frå kommunesenteret og 2 000 for personar som bur mindre enn 10 km frå kommunesenteret årleg, til eit brukartal på 4 000, gjeldande frå og med 1. januar 2024.
4. Fylkestinget fastsett ein overgangsperiode på 1 år, frå 1. januar 2024 til 1. januar 2025. I løpet av overgangsperioden må alle eksisterande brukarar i TT-ordninga søkje på nytt om å vere med i TT-ordninga etter dei nye retningslinjene. Det vert oppretta ventelister for dei som søker og ikkje får eit tilbod om reisestøtte.
5. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren før budsjetthandsaminga i 2026 leggje fram ei evaluering av dei nye retningslinjene frå budsjettåret 2025.